

HYRDINGEN

Nr. 1

Februar 2023

ÅRGANG 65

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Konsert med Julekoret

Sjå side 5



Bladpengar
 Bruk gjerne
VIPPS 53 14 72
 eller giro:
3240.11.17937

Presten har ordet	s. 2	Konfirmantane sin bøsseaksjon	s. 6	Gudstenestelista	s. 10
Redaksjonspennen	s. 3	Heidersteikn til speidarar i Skjold	s. 7	Kunngjeringar	s. 10
Min song	s. 3	Barokkonsert i Ølen kyrkje	s. 7	Frå kyrkjeboka	s. 10
Ein pause frå kvardagen i Noreg	s. 4	Tre sokn – eitt råd	s. 8	Møte og arrangement	s. 11
Julekonsert i Skjold	s. 5	Ledige stillingar i Vindafjord-kyrkja	s. 8	Soknepresten går til ny presteteneste	s. 12
Nizar si eventyrlege vassreise	s. 6	Trusopplæringsarbeidet	s. 9		



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 531472
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:

Kontortid etter avtale. Måndag er fridag.

Ølen og Bjoa

Vikarprest
Kontor: Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf. 53 65 65 41

Skjold, Vats og Vikebygd

Vikarprest Sigfred Sørensen
Kontor: Skjold kyrkje, Kleivav. 2, 5574 Skjold
Tlf. 48 89 03 59
sigfred.sorensen@outlook.com

Vikedal, Sandeid og Imsland

Vikarprest Sigve Hasseløy Clementsen
Kontor: Vikedal kyrjekontor
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 95 75 28 58
sc833@kirken.no

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 41 64 61 83
Nelly Kotkovitch: 94 82 30 44

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Prost Rune Steensnæs Engedal
Tlf. 52 80 95 00
Mobil 91 83 40 19

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Sokneråd leiarar:

Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Presten har ordet

Av vikarprest Sigve Hasseløy Clementsen
Fungerande sokneprest i Sandeid, Vikedal og Imsland



Unn deg eit BibelBad!

Me har nettopp feira Jul. Gåver har blitt opna, og me har kunna gleda oss over det me fekk. Etter Jul kjem det som me i kyrkja kallar openberringstida. Å openberra er det same som å pakka ut og sjå ka som er inni gåva. No er det tid for å sjå kven Jesus er.

Det gjer me når me opnar Bibelen og møter Jesus andlet til andlet. Det er dette eg vil anbefala at me gjer i tida som kjem.

Det er mange i Noreg som les Bibelen ofte. 11% av oss les kvar veke. Og det som er overraskande, er at unge menn lesar meir enn unge kvinner. Omtrent 15 prosent av menn og sju prosent av kvinner under 25 år. Har du lyst til å henga deg på trenden? Ikkje minst for din eigen dell! Så, - unn deg eit BibelBad!

Men mange synest at det er vanskeleg å få det til. Dagane flyr, og gode forsett blir borte på vegen. Me kan ha bruk for ein plan som me klarer å følgja. Her er eit lite kurs i å lesa i Bibelen, frå det enkle til det meir krevjande.

Ein rask dukkert!

Du kan lesa eit ord for kvar dag. Bruk gjerne Bibelselskapet sin leseplan. Då får du eit lite avsnitt som følgjer Kyrkjeåret. Ein rask dukkert kan gå ut på at du les ordet, tar ein liten tenkepause, og fortset så dagen din. Om du vil, kan du gjenta det når du har ei lita ledig stund.

Om du vil gjera det litt grundigare, kan du bruka oppskrifta «Ord for

dagen». Men poenget med «den raske dukkerten», er at den skal vera rask og overkommeleg. Og det fine er, at om du mistar ein dag eller 10, så kan du når som helst hoppa på igjen! For kyrkjeåret går sin gang, og kvar tekst talar for seg.

Ein symjetur!

Ta deg tid til å lesa ein tekst på langs. Start til dømes med Evangeliet etter Markus, eitt og eitt kapittel. Då får du samanheng og kan følgje linene i fortellinga. Så kan du f eks fortsetta med Apostelgjerningane, Brevet til Galatarane osv. viss du vil veta litt meir om teksten du les, kan du finna innføringar i enkle bøker som er lette å få tak i.

Eit djupdykk!

Følg eit tema. Du kan bruka ei **Bibelordbok**. Vel eit tema, og slå opp på Bibelstadene der temaet er nemnt.

Du kan ta utgangspunkt i ein sentral Bibelstad, og følgje **henvisningane** i Bibelteksten. Det fungerer som peikarar der det eine verset kastar lys over det andre.

Du kan bruke eit av dei mange **Bibel-leksika** som har blitt gitt ut dei siste åra. Eller du kan begynna så enkelt som å bruka leksikondelen bak i Bibelen din. Her finn du alt frå ordforklaringar til korte innføringar i ulike sider ved religion og samfunnsliv i den bibelske verda.

Evangeliet er eit brev til deg. Les det! Då møter du Gud andlet til andlet og får høyra kva han vil seia til deg. Gled deg!

Bladpengar er avgjerande for Hyrdingen

Av Steinar Skartland

Takk til alle som har betalt inn bladpengar eller gåver til Hyrdingen. Dette er viktig for at kyrkjebladet skal koma ut til alle i Vindafjord og vi oppfordrar til enten å nytta vedlagte giro eller VIPPS til bladpengar for 2023. Redaksjonsarbeidet er dugnad, men vi leiger tenester frå Omega 365 Design til layout, trykk hos Kai Hansen og

distribusjon i Posten. Rekneskapen blir ført av kommunen, og revidert av kommunen sin revisor. Vi ha også inntekter frå nokre kyrkjeofringar, tilskott frå lokale lag og støtteannonser. Fellesrådet for kyrkjene har også overført midlar til Hyrdingen sitt driftsfond, og det gjer at vi i 2023 koma ut med 6 utgåver. Sjå vedlagte ark.

Redaksjons-PENNEN



Av Steinar Skartland

Leiar i FUT er Berit Mortveit Listog.

Eg seier meg svært lei for ein skrivefeil i førre utgåve av Hyrdingen. Trusopplæringsprisen vart utdelt av FUT – Felles Utval for Trusopplæring, og det var sjølvsaugt leiar i FUT, Berit Mortveit Listog, som stod for utdelinga. Her var det dessverre sett feil namn. Vinnaren var Gunnhild Marie Osaland.



Berit deler ut prisen til Gunnhild Marie

Frivillig arbeid

Frivillighetsåret er over. Alle dei som står på med dugnadsteneste i aktivitetar for born, ungdom, vaksne og eldre, har vore lyfta fram. La oss halda fram med å rosa dette flotte arbeidet som er så viktig og som gjev dei som veks opp i bygdene våre gode opplevingar og ei god ballast med på vegen ut i livet. Deler av dette fekk vi oppleve i både kyrjekonsertar og fleire arrangement i desember. Takk til dykk som står på. Diakoni er ei slik teneste i form av sosialt arbeid som blir drive av kyrkja eller religiøse organisasjonar. Diakonitvalet i Vats sokneråd oppfordrar fleire til å melda seg til denne tenesta i kyrkjelydane.

Kyrkjeval og samarbeid

I desse dagar går drøftingar om også Vats skal gå saman med Skjold og Vikebygd om felles sokneråd. Gjennom soknemøte har kyrkjelydane fått uttala seg, før sokneråda skal avgjera saka og evt. søkja om lov hjå biskopen. Uansett utfall så har dei siste åra synt at samarbeid mellom sokna er ein fordel og ein styrke for det kyrkjelege arbeidet. Når ein samlar glørne som ligg utover i peisen, varmar dei kvarandre og bålet lyser opp. Nå arbeider sokneråda med å finna kandidatar til vallistene. Du svarar vel ja? Sjå side 8.

Min song

Omtale av songen ved Ellen Marie Andersen

Denne songen høyrde eg fyrste gong då eg var på ei samling med den tverrkyrkjelege friluftsgruppa TRÅKK. Den har sidan vore med meg som ein song til inspirasjon og påminning.

I songen spør Jesus: «Vil du gå i mine fotspor?» Eg tenker at Jesus var eit godt førebilete for korleis me skal møte andre menneske. Han møtte folk på ein open og lite dømande måte. Å prøve å gå i hans fotspor er noko alle kan strebe etter, uansett om ein er kristen eller ei.

Vidare spør Han: «Vil du gå til mine minste?» Skal jorda vere ein bra plass for alle er det viktig at me ser dei minste, svakaste og



Ellen Marie Andersen bur i Skjold og jobbar som lærar. På fritida er ho leiar i skulekorpset og speidaren i Skjold. Ho er òg sjølv aktiv som musikanter i to korps og eit kor.

utstøytte i samfunnet. Nokon gonger må me kanskje tole «onde blikk» og kjensla av å stå litt åleine i den kampen.

«Vil du stelle andres sår i det skjulte år for år?» Det er mange måtar me kan bidra til å gjere livet betre for andre. Det er ikkje alltid det er synleg det me gjer. Det er ikkje alltid ein kan forvente takk eller noko i gjengjeld. Å vite at ein har gleda nokon kan vere belønning nok i seg sjølv.

KALLET

Tekst: John Bell og Graham Maule 1987
Omsett: Hans-Olav Mørk 1999
Melodi: Skotsk folketone

Det er navnet ditt jeg roper	Du skal gi dem alt du fikk	på en ukjent vei
Vil du følge meg	for jeg vil bli hos deg	La de ord som jeg har sagt
Vil du trå i mine fotspor		folde ut sin skapermakt
på en ukjent vei	Vil du åpne blindes øyne	Tross din tvil og selvforakt
Vil du kjennes ved mitt navn	Vil du følge meg	for jeg vil bli hos deg
Vil du møte sorg og savn	Se at fanger får sin frihet	
Vil du hvile i min favn	på en ukjent vei	Når du kaller må jeg lytte
og la meg bli hos deg	Vil du stelle andres sår	Jeg vil følge deg
	i det skjulte år for år	Jeg vil vende om og vandre
Vil du ta det første skrittet	Da er lønnen som du får	på en ukjent vei
Vil du følge meg	at jeg vil bli hos deg	Dit du går vil jeg gå med
Vil du gå til mine minste		Herre la din vilje skje
på en ukjent vei	Vil du trosse angst og uro	For jeg vet at jeg skal se
Vil du tåle onde blikk	Vil du følge meg	mitt liv fullendt i deg
stå igjen når noen gikk	Ta imot deg selv med nåde	

Då lo eg...



Historier frå Kjetil Nesbu.

Kjetil Nesbu bur i Skjold, og arbeider i politiet. Det er jo ikkje alle som ler om dei blir stoppa på vegen av Kjetil Nesbu, men han var ikkje vond å be då han blei utfordra til å komma med ein historie til Hyrdingen si faste spalte «Då lo eg».

«Jentungen kom heim frå barnehagen ein dag for nokre år sidan og fortalde denne ved middagsbordet:

Det var to store TV-ar som gjekk over ein veg. Det gjekk som det måtte gå, og den

eine blei påkøyrd. Då sa den andre: – Kom igjen då, flat-skjerm!»

Og så ein gammal klas-sikar:

«Høyrte om den dyslektiske elgoksen som sat i toppen av eit tre? Han hadde lest i bøkene at han var: Skogens kongle.»

Middagen blei noko kjøligare før vi igjen klarte å halda fram med å eta...

Kjetil har utfordra Geir Tore Sørhus til neste utgave.

Ein pause frå kvardagen i Noreg

Tekst og foto: Hanne Brekke

Dagen er 3. januar 2022 og vi set føtene på Kenyansk jord for fyrste gong. Det er varmt og godt og det kryr av folk utanfor flyplassen i Nairobi. Vi er spente og forventningsfulle når vi nå flyttar til Kenya for 3 månader.

Mor Hanne og far Jan Åge skal gå på bibelskulen TID gjennom NLM, medan Kristoffer og Aleksander på 9 og 12 år skal gå på den norske skulen, NCS, i Nairobi. Emilie på 13 skal saman med 6 andre norske ungdommar bli undervist av ein voluntør.

I byrjinga var alt nytt og framand. Vi fekk handla mat, kjøpt mobilabonnement og lasta ned nødvendige appar for taxi og dagligvarehandel. Dei vaksne fekk også ei innføring i Kenyansk kultur, kleskodar og tryggleik.

Den fyrste helga reiste vi på ein bli-kjend-tur til Naivasha. Der låg vi i små hytter og telt berre få meter frå vatnet. Det var berre eit straumgjerd som skilte oss og dei beitande flodhestane som kom opp om kvelden. Rundt bålet var det gitar, song og grilling i tussmørket om kvelden. Her fekk vi godkjensla.

Ungane fann seg etter kvart godt til rette. Det var mykje reising i helgene. Vi var blant anna på vitjing til ulike kyrkjelydar, til dømes hjå masaiane. Dei hadde ei kyrkje som tilsynelatande låg midt i øydemarka, i eit tørt, sandete og karrig landskap. Brått strøymde det folk fram frå fleire kantar. Dei kom i flotte farge-rike klede, med barn på ryggen eller leiande i ei hand. Her klemde me oss saman i den vesle kyrkja, tett som sild i tønne, medan vi fekk sjå og høyre både dans og song.

Vidare har vi køyrd lange strekningar på både asfalt og i utmark, over både stein, haug og hammar. Dette blei ein vane til slutt. Langs vegen var det boder med lokalprodusert mat, dyr som beita, små jordhytter, gjetargutar og flott natur.



Aleksander, Jan Åge, Hanne, Kristoffer og Emilie møtte flodhestar i Naivasha.

Ei veke i mars reiste vi på misjonsreise. Då vart bibelskule-flokken delt i 3 grupper som fekk ulike reisemål. Vi reiste saman med ein familie til Mombasa. Der var det over 40 grader og høg luftfuktigheit. Sveitten rann konstant. Dette var ein hamneby med mange kvimalte hus med blå lister. Her fekk vi gleder av å besøka ei som hadde konvertert frå Islam til kristendom. Ho levde under krevjande tilhøve, med fare for å bli forfylgt og straffa av medlemmar av sin eigen familie. Det var ei spesiell oppleving å møte henne heime og vere med på gudsteneste og nattverd der, saman med hennar næraste.

Fleire gonger var me vaksne og tenåringane med ein organisasjon som heiter «Open Hearts» i slummane Kibera og Kawangware i Nairobi. Der fekk vi gripande møte med enkeltmenn-neske som vart til ettertanke for oss etterpå. Der lever folk enormt tett på kvarandre, under særskilte krevjande tilhøve med tanke på tryggleik, mat og drikke. Mange som lever der er


også einslege kvinner som er åleine med ein flokk med born. Dei fortalde oss at det er et problem at mannfolka stikk av dersom dei synest at kvardagen blir for tøff med tanke på å brødfø og forsørge familien. Kvinnene forlèt ikkje borna. Dei vert sitjande åleine med ansvaret. Open Hearts hjelper familiar i slike situasjonar. Dei driv ein skule i slummen, og dei vervar også folk som betalar for skulegang, helsehjelp og mat til borna. Dei bidreg også med midlar slik at foreldre kan starte opp eigen butikk eller anna verksemd. Dei som jobbar i Open Hearts er gjerne vaksne som har vakse opp i slummen, og som har fått hjelp til å få utdanning og kome seg vidare. Dei kjenner difor slummen godt, og går på heimebe-



Besøk i masaiene si kyrkje.



Farmers marked i Nairobi.



Kryddermarkedet i Mombasa.

søk for å sjå og prioritere kven som skal få hjelp.

Det er uforståeleg for oss at dei klarer å vekse opp ein slik stad. Fleire fortalde at dei kunne risikere at det vesle dei hadde av madrassar, stolar eller anna inventar vart stole medan dei gjekk for å kjøpe mat.

Med oss på heimebesøka i slummen hadde vi matrasjonar for 1 månad. Ein enkemann starta å grina då han fekk vite at vi kom med mat. Han var sjuk og hadde ikkje høve til å arbeida. Dei to ungane hans hadde han sendt på skulen utan at dei hadde ete mat den dagen. Før vi gjekk bad han oss om ein ting. Han spurde om han kunne få ein bibel. Det gav oss perspektiv. Han fekk bibel.

Det er imponerende å sjå gudstrua som mange har. Dei er faste i trua, og ber med stort frimod. Her har vi mykje å lære. Dei smiler og er glade for enkle ting. Dei klagar ikkje, og når dei snakkar om framtida legg dei til; om Gud vil.

Vi har sett og lært mykje, og vi er takksame for at vi har fått denne opplevinga saman som familie. Eit nytt land, ein ny kultur, nye smakar, nye vener og nye opplevingar. Vi byta ut den vanlege kvardagen for ei stund, for å prøve ein ny kvardag ein annan stad. Det har vi ikkje angra på.

Til slutt vil eg dra fram ei oppleving vi hadde når vi køyrde taxi ein av dei siste vekene i Nairobi. Eg fortalde sjåføren kva vi heldt på med i Nairobi, og kor flott vi synest det var her. Han fortalde at han var ein kristen. Eg spurde kva som var hans favorittvers i bibelen. Svaret kom kontant: Salme 23 «Han leier meg til vatn der eg finn kvile» svarte han. Eg såg rundt meg. Det var ikkje noko vatn å sjå i mange mils omkrins. Men mellom bilseta låg ei godt brukt bok som sprika med sidene. Og eg tenkte at svaret hans spring ut av ei erfaring med den heilage allestadsnærværande Gud. Fredens Gud.

Takk for oss, Kenya!

Julekonsert i Skjold

Tekst og foto: Steinar Skartland

Berre ståplassar til dei siste som kom inn dørene i Skjold kyrkje då fleire kor og dyktige lokale musikarar inviterte til julekonsert fjerde søndag i advent. Om lag 500 fekk oppleve denne flotte konserten.

Det fekk ikkje hjelpa om det var finale i fotball-VM mellom Frankrike og Argentina. Berre det å få parkering var ikkje lett. Me såg folk frå alle bygder som ville få med seg denne flotte konserten.

– Gje dei ein seksar! Sa Kari Vik Stuhaug i forbifarten då flokken sakte strøymde ut gjennom kyrkjedørene etter halvannen time med song og musikk. Både me som fekk delta i salen og dei på scenen strålte av

glede. Her deltok fleire barnekor, mange dyktige musikarar og eit vaksenkor med 45 songarar frå fleire bygder. Ikkje berre Skjold, Vats og Vikebygd, der storparten var frå, men også frå både Imsland og Hauge-sund. I tillegg deltok eit proff orkester med musikk. Me har hatt berre sju øvingar, sa Kari Synnøve Velde Haugen, ein av dirigentane for «Julekoret», som Ingebjørg Velde inviterte til. Dei starta å øva 14. november. (Bilde på side 1).

– Me ser for oss at det skal vera ein tradisjon med konsert i kyrkja ei veke før jul også seinare år, var budskapet frå Ingebjørg Velde etterpå. Etter to



Vindafjord Soul Kids.

år med pandemi og umogeleg med store konsertar, var det godt å koma i gong igjen.

Også borna fekk vera med på scenen. Her deltok Vindafjord Soul Children, Skjold barnekor, Vindafjord Soul Kids, Malene og Veslemøy Fjeldheim m. fleire både med solosong og i kor. Vi vart alle imponerte av ungdommen Endre Fjellheim, som framførte Fantasie Impromptu av Chopin på flygel, og me fekk gle oss over song av Olav og Berge Ohm. Vel blåst.

Nizar si eventyrlege vassreise

Tekst og foto: Anette Torjusen / Kirkens Nødhjelp



Nizar Seleman Utanga.

Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.

– La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelausa maisåkrar. Så vakkert,

men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekke har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timar kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

– Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortvilning blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho. Verken menneske eller dyr hadde vatn.

– Dei som bur her, gjekk i fem–seks timar for å hente vatn. Så langt var det til næraste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho.

Ein av dei som henta vatn, var 15 år gamle Deodata Julius.

– Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timar. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timar. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekser, fortel ho. Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøyt, og at ho grudde seg til å hente vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

– Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkeret, minnest ho.

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein

av landsbyane som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønner. Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjort i Mbulu og i Haydom, viser ein nedgang frå 89 til 35 prosent i sjukdommar som er relaterte til skitent vatn.

– Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrke grønnsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege. Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge.

– Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar. 4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

Konfirmantane sin bøsseaksjon

I fastetida før påske går rundt 40.000 frivillige bøsseberarar frå dør til dør og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. I 2022 samla kyrkjene inn nær 38 millionar kroner i Fasteaksjonen i Noreg. I Vindafjord er det bøsseaksjon ettermiddagen **tysdag 28. mars**. Då går konfirman-

tane og frivillige med bøsser til alle hus. Ta vel imot konfirmantane.

www.fasteaksjonen.no



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Frå venstre: Gruppeleiar Sigbjørn Mortveit, Karina Nonslid, Annhild Mortveit Sundfør, Birte Barane, Lars Kolltveit og kretsleiar Atle Aas.

Heidersteikn til speidarar i Skjold

Tekst og foto: Gunnar Listog

Annhild Mortveit Sundfør fekk Norges KFUK-KFUM-speidarar sitt heiders-teikn for sin innsats i speidararbeidet gjennom 10 år. Ho har vore særskild aktiv i speidargruppa i Skjold, og ho har vore kretsleiar. På nasjonalt plan er ho med i organisasjonen sin valkomité. På mange måtar har speidaren vore ein del av oppveksten til Annhild.

Birte Barane fekk heidersteikn for

solid innsats for speidargruppene i Vikebygd og Skjold gjennom 25 år. Ein periode var ho aktiv i kretsen, og ho var òg programsjef for organisasjonen sin landsleir på Røros i 2006. Karina Nonslid fekk heidersteikn for trufast innsats som leiar for speidargruppa i Skjold gjennom 25 år.

Ekstra inntrykk gjorde det då Lars Kolltveit mottok heidersteiknet på

vegne av bror sin, Erling, for hans trufaste innsats som støttespelar i speidargruppa i Skjold gjennom 25 år. Erling døydde 6. november etter årelang kamp mot kreftsjukdomen.

Det var gruppeleiar Sigbjørn Mortveit som hadde teke initiativ til utdelinga. Atle Aas fortalde at å dele ut heidersteikn, var ei av mange kjekke oppgåver han gjorde som kretsleiar.


Barokkonsert i Ølen kyrkje

Tekst og foto: Guri Lisabeth Ravatn

Søndag 13.nov var det konsert med Vindafjord Barokkensemble. Eit 50-talig publikum fekk her høyra levande spel av høg kvalitet frå musikarar med lokal tilknytning. Musikken var hovudsakleg frå 1700-talet med kjende komponistar som Vivaldi, Roman, Händel, Corelli m.fl.

Barokkensemblet har medlemmer busett i Etne, Vindafjord, Bokn og Suldal, med Rastko Roknic frå Malmø som musikalsk leiar og inspirator. Konserten kom på slutten av eit intensivt øvingsseminar.

Klassiske konsertar er sjeldan kost



Kommunikasjon i samspel.

i våre kyrkjer. Eit lyttande publikum viste tydeleg at dei sette pris på dette – og lovorda var mange på vegen ut.



Bak: Linas Dakinevicius, Alexandar Glisic, Kjell Ravatn, Rasto Roknic. Framme: Miroslav Potfaj, Venevil Birkelund, Hogne Heggebo.

Konserten var i regi av Ølen sokneråd og støtta av Stavanger bispedømmeråd.

Tre sokn – eitt råd

Tekst: Sunniva Tveit Gregersen,
leiar for Skjold og Vikebygd sokneråd
Foto: Steinar Sørhus

Skjold, Vats og Vikebygd er i desse dagar i prosess med å slå saman sokneråda til eitt råd. Det har i skrivande stund ikkje vore soknemøte i alle bygder, og det er difor ikkje noko som er endeleg avgjort.

Skjold og Vikebygd har gjennom to valperiodar (2015-2023) hatt felles sokneråd som prøveperiode. Dagens sokneråd opplever at denne ordninga har vore positiv, for begge sokn, og me ynskjer å fortsette slik. Vats sokneråd tok i desember 2022 initiativ til å bli med i eit felles sokneråd.

Noko av det som kan trekkjast fram som positivt med eit samarbeid på tvers av sokna, er at det er tidssparande. Særleg gjeld dette for soknepresten, som elles måtte brukt mykje tid på ulike møter med kvart og eitt sokneråd. Det er allereie eit tett samarbeid mellom dei tre sokna, ettersom me høyrer til det same tenesteområdet, og me har mellom anna jamleg fellesgudstenester. Det er dermed naturleg og konstruktivt å kunne samarbeida på ein enda tettare måte. I eit felles sokneråd vil me kunne drøfte alle saker felles, og ta avgjerder i lag. Me kan lære av kvarandre, spele på dei ulike særegenheitene og styrkane ved kvart sokn og kvar kyrkje, og skape gode fellesskap på tvers av bygdene.

Det er fleire sokn som over tid har hatt utfordringar med



Soknemøte i Vats kyrkje fekk informasjon og drøfta saka 8.januar.

å finne nok personar som ynskjer å stille til val. Dette er ei utfordring også lokalt. Slik sett kan det vere positivt med eit felles sokneråd. Det vil då vere færre personar frå kvart sokn som må stille til val, ettersom rådet samla sett berre skal bestå av 10 faste medlemmer, samt varamedlemmer. Samstundes kan dette sjåast på som ei utfordring ved ordninga, då det blir færre ressurspersonar inn i soknerådet frå kvar bygd. Me vil difor vere heilt avhengig av at gode hjelparar kan og vil støtte oss med viktige oppgåver i arbeidet i kyrkjelyden. Døme er leiarar på leirar, frivillige på trusopplæringsopplegg, dugnad utanfor kyrkjene, baking til kyrkjekaffi mm. Me ynskjer å skape gode møte under og mellom kvar gudsteneste, og for å få til dette treng me ein aktiv og engasjert kyrkjelyd. Eit sokneråd – verken åleine eller felles med andre sokn – kan ikkje skape og drive kyrkjelyden åleine! I Paulus sitt brev til Hebrearane skriv han om kyrkjelyden: «Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar.»

Har DU litt tid til overs, og vil visa omsorg?

Diakoniutvalet og besøkstenesta i Vats treng deg!

Ta kontakt med Bjørghild Lunde for meir informasjon på tlf: 906 90 455 (Diakoniutvalet i Vats sokneråd)

Ledige stillingar i Vindafjord-kyrkja

Tekst: Steinar Skartland

Denne vinteren blir det skifte i ein del medarbeidarar i kyrkja. Alle dei tre sokneprestane har søkt og fått andre tenestestader. I tillegg skal dei to organistane våre gå over til å bli pensjonistar. Difor har det vore lyst ut stillingar i fleire rundar. Inntil nye kjem på plass vert nytta vikarar i tenestene. Vi rettar ein stor takk til dei vikarprestane som nå gjer teneste hos oss, og takk for vel utført teneste til dei som nå sluttar av.

– Den 17.01. var det søknadsfrist for soknepreststillingane i Vikedal, Sandeid og Imsland, og for Ølen og Bjoa. Diverre utan søkjarar. For Skjold, Vats og Vikebygd vil det bli utlysing om nokre

veker, i og med at Kristian Kyllingstad har sagt opp frå nyttår, fortel prost Rune Steensnæs Engedahl i januar. Han legg til at vi har Sigfred Sørensen og Sigve Hasseløy Clementsen som fungerande sokneprestar i 70% fram til sommaren, evt. til ny prest er på plass. Ølen-Bjoa var foreløpig ikkje avklart då vi snakka med prost, men det vert jobba for å finna løysingar til dei ulike tenestene. Når det gjeld kantor/organist-stillingane så er det fellesrådet og kyrkjevevja som lyser ut og handterer tilsetjing av desse. Her er det lyst ut 170% kyrkjeleg stilling kombinert med 30% i den kommunale musikkskulen.



Konsert med Mellows

Tekst og foto: Signe-Britt Vik

21.12 hadde «Mellows» konsert i Ølen kyrkje. Gruppa består av (f.v.) Mildrid Arianson, Veronica Hansen og Ingvild Arianson. Dei leverte ein flott og stemningsfull konsert med mykje vakker julemusikk. Gruppa fekk folk til å komma i julestemning og senka skuldrene i ei elles hektisk førjulstid, der dei samla nesten full kyrkje med heile 155 tilhøyrarar. Takk til Mellows for ein flott konsert.

STØTTEANNONSER

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1
SR-BANK

Haugesund Sparebank

Trusopplæringa

Av redaktøren

– Vi har gode tilbod innan trusopplæring til born og familiar, fortel Ester L. Åsheim, kyrkjelydspedagog Skjold, Vats og Vikebygd. I neste Hyrdingen vil vi presentera litt meir om dette, men ho peikar nå spesielt på: **Konfirmantane** i heile kommunen er godt i gong med sine opplegg. 17. januar hadde dei planlagt ein kveld med illusjonist Ruben Gazki på kyr-

kjetunet. **Skattejakt for førsteklassingar** er ein tradisjon og knytt til gudstenestene. Skjold og Vats set i gong i slutten av januar og skal ha 4 samlingar fram til avsluttande gudsteneste 19. februar. Litt ulike datoar for start og avsluttande gudstenester rundt om i kommunen, men me viser til gudstenestelista side 10, der dette er markert. **Leir for 5.klassingane** var det på Brandøy i januar. Hæla i taket og tenna i vegg. **Barnekoret i Skjold treng ny leiar.** Guro Stople Sørhus, som har leia koret i 13 år

no, ønskjer avløyning. Det er om lag 20 medlemmer i koret som øver i Skjold kyrkje 2. kvar torsdag kveldar 17:30. Ta gjerne kontakt med Ester eller Guro om du kan tenkja deg å vera med i dette arbeidet. Vi minner også om leirane på Brandøy (sjå side 10), og vi er glade for jamleg å kunne presentera speidararbeid, kor, søndag-skular, ungdomsklubbar og konfirmant-arbeid her i Hyrdingen. Og i Vats er det snart tid for opning av «Arken». Det er og spennande korleis den byrjar å ta form.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www olenbetong.no)

Ølen auto

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Dato	Tid	Stad/kyrkje	Informasjon - sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
12.02.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Matt 17,1-9
19.02.	10:00	Skjold kyrkje	Familiegudsteneste, Skattejaktgudst. 1.kl., Takkoffer: Trusopplæring Skjold, Vats og Vikebygd	Joh 17,20-26
19.02.	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Joh 17,20-26
19.02.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Årsmøte etter gudst., Takkoffer: Diakoniarbeidet	Joh 17,20-26
19.02.	12:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Skattejakt 1.kl., Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Joh 17,20-26
26.02.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Årsmøte etter gudst., Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Matt 4,1-11
26.02.	11:00	Vikebygd kyrk.	Gudsteneste, Årsmøte etter gudst., Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Matt 4,1-11
05.03.	11:00	Sandeid kyrkje	Familiegudsteneste, Skattejakt 1.kl., Takkoffer:	Matt 15,21-28
05.03.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	Matt 15,21-28
12.03.	11:00	Bjoa kyrkje	Familiegudsteneste., Skattejakt 1.kl., Takkoffer: Søndagsskulen (Haugal/sunnh.krets)	Luk 11,14-28
12.03.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Fellesgudsteneste. Info: Fosterheimsrekruttering, Takkoffer: Hyrdingen	Luk 11,14-28
19.03.	11:00	Vikedal kyrkje	Familiegudsteneste, Skattejakt 1.kl., Takkoffer: Lokal trusopplæring	Joh 11,45-53
19.03.	11:00	Ølen kyrkje	Familiegudsteneste, Skattejakt 1.kl., Takkoffer: Lokal trusopplæring	Joh 11,45-53
19.03.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Vats musikkorps	Joh 11,45-53
26.03.	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 1,26-38
26.03.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 1,26-38

Fellesgudstenester Skjold

Vi har 2 fellesgudstenester for Skjold, Vikebygd og Vats i vinter: **5. februar** og **12. mars**. Begge er i Skjold kyrkje ved Sigfred Sørensen. Temaet er: «Johannes' openberring og vår tid». Det var god oppslutning om desse fellesgudstenestene, og vi ynskjer velkommen også i vinter!

Open foreining for Israels-misjonen

Det har kome opp eit ynskje om å etablera ei open foreining for Israelsmisjonen, felles for Skjold og Vats. Møtedagane vil dels gå

inn i dei faste tysdagsmøta, og dels koma som samlingar på andre vekedagar. Våren 2023 vert det tre samlingar på Austrheims-bygda Bedehus, med fyrste samling 30. januar. Desse samlingane vert heilt opne møte for alle i bygdene våre.

Mykje folk i kyrkja!

Året 2022 vart eit godt år for gudstenes-telivet i Skjold, Vats og Vikebygd. Etter 2 år med pandemi og sterke restriksjonar i kyrkjelivet, vart kyrkjene opna att, og det har mange vore glade for! Skjold har hatt ein særleg sterk vekst i kyrkjesøkinga, og hadde i fjor 3.655 deltakarar ved gudste-

nestene, eller gjennomsnittleg 140 perso-nar. Eit anna høgdepunkt var julekonserten 18. desember med 550 deltakarar. Vats hadde 2083 deltakarar ved gudste-nestene, eller 95 personar i snitt. Vikebygd hadde 1016 deltakarar, eller 85 personar i snitt. Målt etter tal på medlemer, hadde Vikebygd 18,5% på kvar gudsteneste, Skjold 10,5% og Vats 9,5%. Det er svært høgt, også i landsmålestokk. Det var også mange born som vart døypte i desse 3 kyrkjelydane i fjor. 24 i Skjold, 14 i Vats og 3 i Vikebygd. Vi gler oss over kvar einskild av borna og familiane deira!

Leirar og treff på Brandøy Misjons- og konferansesenter

10.-12. februar: Mannsweekend

17.-19. februar: Damehelg

24.-26. februar: Brandøytreff (PU-leir med eller utan ledsager. Vaksne.)

17.-19. mars: Juniorleir (4-9 år med følge)

24.-26. mars: Tweenweekend (5.-7. klasse)

31. mars-4. april: Påskefestival (8. klasse+)

24.-27. april: Vårtreff (60 år +)

12.-13. mai: Dugnadshelg (for alle)

16.-18. juni: IMS Sommarfest (Storsamling som erstattar og utvidar samlinga som før har vore rundt årsmøtet. Set av helgal)

Kyrkjetunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrkjetunet.no og Facebook-sida

08.02.	onsdag	19.00	«The Chosen» gruppesamling 7
09.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
11.02.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
12.02.	søndag	19:30	Søndagsmøte, Indre Sjø
14.02.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
16.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
16.02.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
17.02.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
17.02.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
19.02.	søndag	19.30	Søndagsmøte, IMS
21.02.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
22.02.	onsdag	19.00	«The Chosen» gruppesamling 8
23.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
23.02.	torsdag	19:00	Årsmøte for Kyrkjetunet
26.02.	søndag	19.30	Søndagsmøte, tale v/Kørner Høie
28.02.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
02.03.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
09.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
12.03.	søndag	19.30	Søndagsmøte, NMS
14.03.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
16.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
16.03.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
17.03.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
17.03.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
21.03.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
23.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
28.03.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
30.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
30.03.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)

Bjoa bedehus, Innbjoa

12.02.	søndag	16:00	Søndagstreff
13.02.	måndag	18:30	Bønnemøte
15.02.	onsdag	11:00	Bønnemøte
16.02.	torsdag	11:00	Formiddagstreff
20.02.	måndag	18:30	Sosial samling
22.02.	onsdag	11:00	Bønnemøte
27.02.	måndag	18:30	Bønnemøte
01.03.	onsdag	11:00	Bønnemøte
06.03.	måndag	18:30	Bønn- og nattverdsmøte
13.03.	måndag	18:30	Bønnemøte
15.03.	onsdag	11:00	Bønnemøte
19.03.	søndag	16:00	Søndagstreff
20.03.	måndag	18:30	Sosial samling
22.03.	onsdag	11:00	Bønnemøte
23.03.	torsdag	11:00	Formiddagstreff
27.03.	måndag	18:30	Bønnemøte
29.03.	onsdag	11:00	Bønnemøte
Credo	fredagar	18:00	den 10.2.; 24.2.; 10.3.; 24.3.; 21.4.
Mini-Credo	tirsdagar	17:30	den 21.2.; 7.3.; 21.3.

Dersom det blir endringar i programmet, vil dette bli kunngjort med plakat eller på Facebook.

Vikebygd bedehus

Søndagsskule / gullivergjengen kjem i tillegg		
09.02.	torsdag	19:30 Møte / Gladsong
23.02.	torsdag	19:30 Møte / Gladsong
09.03.	torsdag	19:30 Møte / Gladsong
25.03.	laurdag	15:00 Årsmøte og basar

Vågen bedehus

www.vaagenbedehus.no		
onsdagar	19:30	Bønnemøte kvar onsdag
12.02.	søndag	11:00 Storsamling med søndagsskule, Talar: Håkon Brekkå. Stad: Bygdasenteret
14.02.	tirsdag	17:30 KreAktiv, 1.-4. klasse. Stad: Bygdasenteret
14.02.	tirsdag	19:00 Tweens, 5.-7. klasse. Stad: Bedehuset
26.02.	søndag	11:00 Storsamling med søndagsskule, Talar: Arnt Magne Granberg. Stad: Bygdasenteret
05.03.	søndag	19:30 Kveldssamling, Talar: Egil Svla
11.03.	lørdag	15:00 Basar Ølensvåg Kvinneforening IMS
12.03.	søndag	11:00 Storsamling med søndagsskule, Talar: Mons Gunnar Selstø. Stad: Bygdasenteret
14.03.	tirsdag	17:30 KreAktiv, 1.-4. klasse. Stad: Bygdasenteret
14.03.	tirsdag	19:00 Tweens, 5.-7. klasse. Stad: Bedehuset
26.03.	søndag	11:00 Storsamling med søndagsskule; Talar: Leon Dyngeland. Stad: Bygdasenteret
28.03.	tirsdag	18:00 KreAktiv-basar, Stad: Bygdasenteret
28.03.	tirsdag	19:00 Tweens, 5.-7. klasse. Stad: Bedehuset

Bedehusa i Skjold

07.02.	tysdag	Isvik: Flymisjonen
14.02.	tysdag	Ersland: Samemisjonen
16.02.	torsdag	Ersland: Bønemøte
20.02.	måndag	Ersland: kl.19.00 Yngres
21.02.	tysdag	Austrheim: Godt Nytt (bibelm.)
22.02.	onsdag	Ersland: Årsmøte
23.02.	torsdag	Kyrkja: 60+ kl.16-18
28.02.	tysdag	Isvik: NMS Misjonsselsk.
02.03.	torsdag	Ersland: Bønemøte
06.03.	måndag	Ersland: kl.19.00 Yngres
07.03.	tysdag	Ersland: NMS Misjonsselsk.
11.03.	laurdag	Austrheim: kl.13-15 Grautkafe
14.03.	tysdag	Austrheim: NMS Misjonsselsk.
16.03.	torsdag	Ersland: Bønemøte
21.03.	tysdag	Isvik: NLM Misjonssamb.
28.03.	tysdag	Ersland: NLM Misjonssamb.
29.03.	onsdag	Ersland: kl.18.00 Yngresbasar
29.03.	onsdag	Isvik kl.19.00: Basar / Årsmøte
30.03.	torsdag	Kyrkja: 60+ kl.16-18
30.03.	torsdag	Ersland: Bønemøte

Bedehusa i Vats

08.02.	onsdag	19:00 Kårhus: Normisjon
15.02.	onsdag	19:00 Øvre Vats: Godt Nytt
22.02.	onsdag	19:00 Blikrabygda: NMS
01.03.	onsdag	19:00 Kårhus: Sarepta
08.03.	onsdag	19:00 Øvre Vats: Lys over land
15.03.	onsdag	19:00 Blikrabygda: Normisjon
22.03.	onsdag	19:00 Kårhus: Indre Sjø
29.03.	onsdag	19:00 Øvre Vats: Åpne dører

Vikebygd bedehus

Laurdag 25. mars kl.15.00 Årsmøte og basar. Sal av middag, og tradisjonell basar med årsmøte. **Gullivergjengen**, Vikebygd Søndagsskule Samlingar: 8.2, 22.2, 8.3, 22.3. Kl.17-18.30 for dei som er 5, 6 og 7 år. (siste året i barnehagen, og 1. og 2.kl). Leik og aktivitet, bibel-forteljing og høgtlesing, og av og til mat.

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Døde
Ølen	16.10.2022 Håkon Risøy Ødegaard	02.11.2022 Brynhild Hamre f. 1935
	20.11.2022 Tobias Matre Olsen	14.11.2022 Inglaug Heggebø f. 1935
	20.11.2022 Marita Pata Berge	24.11.2022 Jensine Karstensen f. 1924 30.12.2022 Irene Alice Svendsen f.1937
Sandeid	13.11.2022 Albert Klungland Helgevold	
Vikedal	11.12.2022 Olava Kambe	13.12.2022 Kristine Målfrid Søyland f. 1930
Imsland	06.11.2022 Torje Imsland Haugen	14.11.2022 Kathe Berly f. 1935
Skjold	20.11.2022 Thorbjørn Sørhus	29.10.2022 Gunnar Dagsland f. 1951
	20.11.2022 William Vårvik Torgersen	06.11.2022 Erling Koltveit f. 1970
	20.11.2022 Emma Einem Heggen	21.11.2022 Hans Furuly f. 1932
	15.01.2023 Andreas Skrunes Haraldseid	24.11.2022 Harald Aakerholdt f. 1953
	15.01.2023 Laura Syversen Økland	01.12.2022 Kjell Hatlestad f. 1948
	15.01.2023 Aria Kenita Waage Megiri	
Vats	08.01.2023 Vilja Berge Nesheim	
Vikebygd		29.11.2022 Normann Bjørgen f. 1942

Vigde 07.01.2023 i Ølen: Herlaug Risøy og Bjarte Klevberg. Vi gratulerer brudeparet.

Soknepresten går til ny presteteneste

Tekst: Ingrid Mathilde Sørvåg
Foto: Steinar Skartland

Kari Vik Stuhaug kom som sokneprest til Ølen og Bjoa i mars 2017. No skal ho vidare til Etne, og me i Hyrdingen hadde lyst på eit intervju i den samanhengen.

Kari fortel at noko av det ho set mest pris på ved å vere prest er å møte menneske i alle situasjonar, også når dei er på det mest sårbare. Det er foreldre som kjem med born til dåp, det er konfirmantar, brudepar og gravferder. Då er det viktig for henne å møte menneska, og gjera møtet med kyrkja til ei trygg oppleving. Korleis folk blir møtt desse få og viktige møtepunktta kan vera avgjerande for forholdet deira til kyrkja elles i livet, trur ho.

Kyrkja har også tiltak for ulike aldersgrupper. Kari likar å leggja til rette for at born og konfirmantar kan medverka i gudstenesta slik at dei kjenner dei høyrer til der og kan bidra. I bygdene våre er det oftast slik at familien er med til kyrkje desse sundagane, og då skal forkynninga helst treffa både born og vaksne nett der dei er. – Det prøver eg på, men eg får jo sjeldan tilbakemelding på om det lukkast.

Så er det jo også slik at dei som går mykje i kyrkja har andre behov enn dei som er der sjeldan. Presten skal også gi noko til dei, det må eg ikkje gløyma.

– På plakata som inviterer til gudsteneste i Ølen og Bjoa kan me lesa: Rom for alle. Kva legg du Kari i dette?

– Eg syns det er fint å vera prest i ei kyrkje som er for alle, ei folkekyrkje som ikkje berre har rom for dei som går fast i kyrkje, bedehus og foreining.

Eg vil også møte dei som kjem med si tru og sin tvil, i sorg og i glede. Så er det ikkje mi oppgåva å analysa deira motivasjon for å koma, om trua er god nok, for eksempel. Når dei først er der er det mi oppgåva som prest å prøva å formidla Guds kjærleik og nåde.

Det er gledeleg å sjå at fleire går til nattverd no. Nattverden har blitt viktigare for meg desse åra som prest. Som den staden i gudstenesta då me heilt fysisk får del i det at Gud forsonte oss med seg og gir oss del i nåden. Eg er også opptatt av å formidla til konfirmantane for eksempel, at nattverden ikkje er ein stad for tull. Det er ei djupt åndeleg handling.

– Kari, du bur i Sandeid, og skal halda fram med det. No når du blir sokneprest i Etne kjem du framleis til å ferdast på bygda. Har du tankar rundt dette?

Det er mange positive ting med å bu på landsbygda og i Vindafjord. Nærleik til naturen for eksempel. Eg er glad



Kari Vik Stuhaug

i å komma meg ut på tur, utan å reise langt. Det er også oversiktlege miljø. Det er godt for dei som har sine faste som dei er i lag med og har fellesskap med. Men det kan nok vere tyngre å komma utanfrå.

På bygda er det mange frivillige som stiller opp om det trengs at nokon tar i eit tak. Det er mogeleg for dei som vil og kan, å gjera ein forskjell i lokalmiljøet ved å vere med i arbeidet i ulike lag i bygda, både i kyrkja og andre stader. Og så er jo nettopp dette med på å bygga nettverk og få del i eit fellesskap.

– No går altså vegen vidare til Etne?

– Ja, då soknepresten i Etne søkte seg til eit nytt sokn, blei det ein moglegheit til å skifte beite. I Etne er det eit kontor der alle dei tilsette er samla på ein stad. Det ser eg fram till! Etne kyrkje er ei ny og moderne kyrkje, og det kan gjere at arbeidet kan skje på andre måtar enn på Bjoa og i Ølen kyrkje som begge er frå 1800-talet. Og så er jo Etne kjent som ei kulturbygd med stort frivillig engasjement. Alt i alt kan dette vere ein struktur som gjer det lettare å utøve prestegjeringa. Eg blei ordinert til å vera vikarprest i Skånevik, så det blir på eit vis tilbake til der det starta.

– Kari, me veit du er glad i salmar, kan du dele din favorittsalme med oss?

– Det er ikkje lett å trekkje fram berre ein salme. Det er så mange fine salmar i salmeboka, men om eg må velje så må det kanskje bli «Eg er i Herrens hender» øvst, skriven av Erling Tobiassen. Dette er ein slitesterk tekst som handlar om at Gud tek vare på oss kva som enn skjer med oss. På andre plass set eg «Deg være ære». Det er ei flott salme å syngje i lag, både i påsketida og andre dagar. Det går heller ikkje an å komma utanom Svein Ellingsen sine salmar som har ein djupt sjelesørgjersk profil og formidlar ein grunnleggande tillit til at Gud møter oss i liva våre. Skal eg nemne ein, så må det bli «Vi rekke våre hender frem».

Takk for at du tok deg tid til å snakka med Hyrdingen i ein travel kvardag, me ynskjer lukke til vidare!

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 30.3.

Frist for levering av stoff er
24.2.